

Søknad

Støtteordning	Bolyst 2012
Tittel	StudiebygdA - Kompetanse- og kulturklynga på Møre.
Søknadsår	2012

Kort beskrivelse

”StudiebygdA –Kompetanse- og kulturklynga på Møre” er eit prosjekt med stor grad av samarbeid mellom offentlig, privat og frivillig sektor. Prosjektet vil, gjennom tiltak innan tre definerte arbeidsområde: digital integrasjon, sosial integrasjon og entreprenørskap, stimulere til auka rekruttering og bulyst i regionen. Prosjektet skal såleis medverke til å styrke regionen si berekraft.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet ”StudiebygdA –Kompetanse- og kulturklynga på Møre” har som målsetting å rekruttere og utvikle kompetanse, og bygge kulturell og sosial integrasjon i heile regionen spesielt for studentar, innflyttarar og innvandrarar. Prosjektet skal medverke til å styrke regionen si berekraft.

Gjennom å styrke regionen si berekraft og synleggjere våre gode kvalitetar og moglegheiter som region, skal vi auke bulysta for alle dei som bur i regionen

Vi har definert fire målgrupper i prosjektet; 1) studentar, 2) ungdom i regionen, 3) tilflyttarar med høg kompetanse og 4) innvandrarfamiliar og det er vidare definert klare effektmål til kvar av desse gruppene.

Prosjektet vert organisert med ei styringsgruppe med deltakarar frå kommunen, nabokommunar, Møre og Romsdal fylke, Høgskulen i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre, Studenttinget i Volda, privat næringsliv og frivillig sektor. Det vert oppretta arbeidsgrupper til kvar av dei definerte arbeidsområde; 1) digital integrasjon, 2) sosial integrasjon og 3) entreprenørskap og det vert tilsett ein prosjektleiar som får hovudansvaret for gjennomføring og rapportering av prosjektet.

For å rekruttere og utvikle kompetanse, og bygge kulturell og sosial integrasjon i heile regionen og for medverke til å styrke regionen si berekraft har vi valt mellom anna at vi skal utvikle ein moderne og framtidretta informasjonsportal. Denne skal vere to-språkleg og det skal utviklast apps til nytte for målgruppene vi har definert. I tillegg til nettportalen skal vi styrke integreringa gjennom å legge til rette for auka kunnskap om regionen og såleis senke terskelen for å ta aktiv del i frivillig lag og organisasjonsliv. Vi skal difor utvikle møteplassar. Det skal vi gjere gjennom å etablere ”samfunnsdagane”, ein møteplass der regionen presenterer seg for målgruppene. Dette vert ein møteplass der ein får både kunnskap om kva tilbod vi har i regionen og kva moglegheiter ein har, men det skal og vere ein møteplass for å bygge sosiale nettverk. Vi skal etablere to slike årlege møteplassar. Den fyrste ved semesterstart i aug/sept vil ha sterkare fokus på inkludering/integrering og den andre som vert i april vil ha eit sterkare fokus på arbeidslivet.

Vi har mange ulike festivalar i regionen og fleire av desse er det studentane ved Høgskulen i Volda som arrangerer. Vi skal i dette prosjektet legge til rette for å styrke kompetansen og gjennomføringskrafta til dei ulike festivalane i regionen, og slik sikre at desse stimulerer til frivillig arbeid i alle ledd i frivillige lag og organisasjonar. Vi ser at ein gjennom festivallivet kan ein styrke

integringa og vi skal difor ha eit særskilt fokus på innvandarane sin representasjon i styrer i det frivillige lags- og organisasjonslivet.

Vi skal i samarbeid med Møre og Romsdal fylke m/ fleire, arbeide for ei systematisk karrierehjelp for både studentar, innvandarar, og ungdom i regionen. Det er eit mål at vi skal ha balanse i innanlandsk inn- og utflytting pr 1.1.2014 og at vi skal ha stabilisering av talet innvandarar i regionen.

Høgskulen i Volda er eit nasjonalt tyngdepunkt innan nokre kulturnæringar som til dømes dokumentarfilm og animasjon. Som eit ledd i å få til meir tilflytting skal vi arbeide med tiltak for å stimulere til at fleire etablerer seg med selskap innan kulturnæringane. Sunnmøre Kulturnæringshage er lokalisert i Volda og vil vere ein viktig samarbeidspartnar saman med "StudiebygdA –Kompetanse og kulturklynga på Møre" i dette tiltaket.

Som følge av at Vestnorsk Filmsenter også har avdelingskontor i Volda er det sett fokus på at det er mangel på lyd, og lysteknikar for locationarbeid i regionen. Vi skal difor sette i gang prosjekt der ungdom med interesse for tekniske støttefunksjonsfag i kulturnæringane skal få teoretisk og praktisk opplæring i dei tekniske støttefaga. Dette skal gjerast i eit samarbeid om talentfangst mellom profesjonelle aktørar innan lyd, og lys, Ungdommens Kulturmonstring (UKM) ,ungdomsklubbane og kulturhusa i kommunane samt arrangørar som til dømes Rust Club og Scene i Ørsta, Rokken Scene i Volda og Sjøborg i Ulsteinvik. Dette vil auke rekrutteringa til støttefaga som kulturnæringa treng.

Som ei følge av at prosjektperioden vert så kortvarig som fram til 1.1.2014, så ser vi det som viktig at vi får ei sluttevaluering der vi måler måloppnåinga etter vidare to år, dvs. pr 1.1. 2016. vi har difor lagt inn ein kostnad i søknaden for å dekke denne i prosjektet. Dette skal vere ei måling av heile prosjektet

Det er lagt til grunn at når prosjektperioden er over så skal aktivitetane vidareførast utan vidare prosjektmidlar.

Volda kommune fekk tildelt bulyst midlar i 2011. Forprosjektet vil gje ein god start for hovudprosjektet. I forprosjektet har vi hatt ei sær brei deltaking, formannskapet i Volda var styringsgruppe , vi har hatt ei prosjektgruppe og 5 arbeidsgrupper som har gitt innspel til kva vi skal gjere for å stimulere til auka rekruttering og bulyst. Prosjektorganisering, aktivitetsplan, tidsplan, kostnads- og finansieringsplan for forprosjektet ligg som vedlegg til denne søknaden. I forprosjektet skal det gjennomførast ei kartlegging av nosisasjonen. På den måten kan vi ved hovudprosjektperioden sin slutt måle resultat at aktivitetane.

Vi søker bulyst midlar for åra 2012 og 2013.

Med dei aktivitetane og tiltaka vi har valt å arbeide vidare med så meiner vi at vi har eit godt grunnlag for at regionen får auka bulyst. Fleire fastbuande vil vere gode ambassadørar for heimstaden sin og slik medverke til auka tilflytting og attraktivitet. I tillegg vil det verte lettare for folk utan tilknytning til regionen frå før å finne informasjon på nettportalen om vår region. Og dei kan då m.a. abonnere på ulike apps og la seg freiste til å kome flyttande hit frå både inn og utland.

Kontaktopplysninger

Søker/prosjekteier	Volda kommune	Stormyra 2	6100 VOLDA	95230366
Kontaktperson	Rune Sjurgard	Stormyra 2	6100 VOLDA	90053052
Prosjektleder	Ragnhild Aarflot Kalland	Stormyra 2	6100 VOLDA	95230366

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Volda kommune søkte bulystmidlar i 2011. Vi fekk tildelt kr 200.000 frå Kommunal og regionaldepartementet til eit forprosjekt. I tildelingsskrivet vart vi utfordra til å kome tilbake med ny søknad der vi var meir konkrete på kva vil utføre. I tillegg vart vi utfordra til tenke regionalt. Som følgje av tildelinga frå KRD løyvde Møre og Romsdal fylke tilsvarande sum,dvs kr 200.000.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Søre Sunnmøre gjennomgår store endringar i bu- og arbeidsmarknad og med kulturelle og sosiale utfordringar som følgje av Eiksundsambandet opna i 2008 og Kvivsvegen i 2012. Frå å vere ein bu- og arbeidsmarknad på under 20.000 er Volda midtpunkt i ein region med over 60.000 innbyggjarar i 2013. Vi vil spesielt peike på tre store utfordringar for regionen og kommunen:

1. Sviktande rekruttering av studentar til dei studietilboda ved Høgskulen i Volda som skal kvalifisere personale til velferdssamfunnet sine yrke, til liks med mange andre høgskular i distrikta. Gransking som snart blir publisert viser at 80 % av kandidatar som er rekruttert frå fylket høgskulen er lokalisert i er i arbeid i fylket 5 år etter fullført utdanning. Tilsvarande gjeld for 50 % av dei som blir rekruttert utanfor fylket, dvs. at studentar som t.d. studerer i Bergen i liten grad kjem tilbake til fødefylket. Dette gjeld alle lærarutdanningar, sosialarbeidarutdanningar og sjukepleiarutdanningar på Vestlandet. Dette betyr at det er svært viktig å ha høg kvalitet i utdanning, eit godt studentmiljø og stor vekt på rekruttering av fulltidsstudentar for at m.a. kommunane i regionen skal kunne rekruttere kvalifisert personale. Vi vil vidareutvikle Volda og regionen som StudiebygdA med godt omdømme og brei og god rekruttering.
2. Rekrutteringsutfordringar til kompetansearbeidsplassar. Ved Høgskulen i Volda er 40 % av fagpersonalet i dag over 55 år. Tilsvarande gjeld nøkkelpersonell ved mange offentlege og private institusjonar. Regionen må gjerast meir attraktiv for velkvalifisert ungdom og unge familiar og det må leggest til rette for at alle i eit hushald kan få arbeid, butilhøve, kulturelle tilbod og sosial integrasjon som gjer at dei finn Volda og regionen interessant som bu- og arbeidsstad slik at dei vert verande.
3. Svært stor innvandring dei siste 4 åra, spesielt frå Polen, Estland og Litauen. I perioden 2007 til 2010 har Søre Sunnmøre med ca. 40.000 innbyggjarar teke mot over 2.200 innvandrarar netto. I stor grad gjeld dette kvalifiserte arbeidarar med og utan familie spesielt frå Polen, Estland og Litauen. Desse er i særleg grad knytt til dei marine og maritime næringane spesielt i Ulstein og Herøy.

Tilsvarande har kommunane i regionen teke i mot mange kvoteflyktningar. Mange av dei høgt kvalifiserte og viktige for vidare utvikling av industri og anna verksemd og det er viktig for regionen at familiar og enkeltpersonar finn seg til rette gjennom utdanningstiltak, kulturell og sosial integrasjon m.m.

Høgskulen i Volda er ein svært viktig "stolpe og berebjelke" for busetnad og næringsliv i denne regionen ,som omfattar begge fylka Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi ser at ressurssterk ungdom i stadig aukande grad søker seg til dei større byane for å studere. Det er eit viktig mål for regionen og landet at vi skal ha ein attraktiv høgskule i Volda som rekrutterer godt. Høgskulen representerer høgkompetansesarbeidsplassar som er avgjerande viktig samla sett for regionen for å ha ei komplementerende kompetansemiljø og arbeidstilbod i eit elles tungt og mannsdominert maritimt næringsliv. Dei næraste åra vil vi få eit generasjonsskifte ved Høgskulen, i det mange av arbeidstakarane nærmar seg pensjonsalder. Kampen om dei gode lærekraftene må vinnast om Høgskulen i Volda skal halde posisjonen og Volda vidareutviklast som studiestad. Regionen har difor sterk trong om å oppretthalde både det faglege utdanningstilbodet og det ungdommelege og urbane miljøet ved studiestaden.

Prosjekt mål

Hovedmål:

"StudiebygdA - Kompetanse- og kulturklynnga på Møre" skal rekruttere og utvikle kompetanse, og bygge kulturell og sosial integrasjon i heile regionen spesielt for studentar, innflyttarar og innvandrarar. Prosjektet skal medverke til å styrke regionen si berekraft.

Delmål:

- a. Digital integrasjon. Etablere sams digital informasjonsplattform for heile regionen på norsk og engelsk og spesielt tilrettelagt for behova til studentar, innflyttarar og innvandrarar. Fullt operativ 1.1.2014.
- b. Sosial integrasjon. Samordna med digital integrasjon systematisere og vidareutvikle kulturelle og sosiale tilbod som samfunnsdagar, festivalar, kulturtilbod, arbeid i lag og organisasjonar m.m. som møtestad mellom alle grupper i samfunnet. Fullt operativ 1.1.2014.
- c. Entreprenørskap. Systematisk hjelp til sjølvhjelp og tilrettelegging for studentar/kandidatar, innflyttarar, innvandrarar og fastbuande i bedriftsutvikling, tilrettelegging for utdannings- og arbeidslivkarrere – livslang utdanning. Fullt operativ 1.1.2014.

Forankring

Som vertskommune for Høgskulen i Volda og som eit sentralt punkt i den nye regionen, tek Volda kommune på seg oppgåva som koordinator for StudiebygdA i tett samarbeid med Høgskulen i Volda, Studenttinget i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre, dei andre kommunane i regionen, fylkeskommunen, næringsliv, private og offentlege institusjonar og frivillige lag og organisasjonar. Ein vesentleg del av prosjektet vert å utvikle og forankre aktivitetar slik at dei vert sjølvgåande og sjølvfinansierande når prosjektperioden er over.

Volda kommune:

I samfunnsdelen av kommuneplan (1996-2008) har Volda kommune som nokre av sine hovudmål for næringsutvikling sagt at kommunen skal:

- "utvikle Volda som studiestad med eit allsidig kulturtilbod, friluftsliv og positive nærmiljø. Stimulere til betre kontakt mellom lokalsamfunn og studentmiljø."
- "Stimulere til samarbeid mellom offentleg og privat sektor for å utvikle vekstpotensiala som ligg i skjæringspunkta mellom ulike miljø i Volda."
- "Profilere og marknadsføre Volda som eit attraktivt regionsenter på visse felt."

Kommuneplanen er i startfasen av ei rullering. Hovedmåla ovanfor vil med bakgrunn i dagens og komande utfordringar verte endå meir aktualisert i komande kommuneplan. Dette vil verte operasjonalisert gjennom organisert partnerskap.

Høgskulen i Volda:

Høgskulestyret vedtok i 2010 ein strategiplan for Høgskulen i Volda sitt arbeid fram mot 2020. Vi trekker fram nokre punkt frå strategiplanen. Det heiter m.a. at i 2020 skal Høgskulen i Volda vere:

- Ein viktig samarbeidspartnar i regional utvikling
- Ein institusjon med eit levande, attraktivt og godt studiemiljø og med tett kontakt mellom lærar og student og mellom studentar
- HVO skal oppretthalde og utvikle eit godt, inkluderande og oversiktleg studiemiljø i nært samarbeid med studentorganisasjonar, studentsamskipnad og lokalsamfunnet
- HVO skal samarbeide aktivt med offentlege verksemder og næringsliv
- HVO skal styrkje den regionale og nasjonale rolla som kunnskapsaktør og utviklar av kompetanse
- Satse sterkare på kompetansebygging og rekruttering av fagfolk

Studentsamskipnaden for Sunnmøre:

Sfs arbeider etter følgjande visjon "SfS skal ha det beste studentmiljøet" og eit av hovedmåla er;

Sfs skal sette studenten i første rekke og tilby tenester og produkt av høg kvalitet og dermed bidra til å gjere høgskulane på Sunnmøre attraktive for studentane.

Studenttinget i Volda:

Studenttinget har som eit hovedmål å opprette eit forum for samarbeid og utvikling mellom kommunen, leiinga ved Høgskulen i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre og Studenttinget i Volda. StudiebygdA- prosjektet vil vere eit godt tiltak nettopp for å styrke og utvikle samarbeidet mellom desse partane.

Regionen:

Kommunane i Søre Sunnmøre regionråd vil mest truleg gå inn i nye Sunnmøre regionråd i løpet av 2012- 2013. Samstundes vil rådmannsgruppa på Søre Sunnmøre fortsette samarbeidet og med mange konkrete samarbeidsprosjekt mellom kommunane. I framtidsanalysen for Sunnmøre som samarbeidet i Sunnmøre regionråd vil bygge på er det lagt stor vekt på utdanningstiltak, kompetansebygging, kompetanseretta til flytting og integrasjon av innvandrarak og klart i samsvar med mål og strategiar her.

Fylkesplan Møre og Romsdal 2009-2012: Handlingsprogram verdiskaping. Handlingsplan 2011
Partnerskap for verdiskaping:

I kap.1 Analyse står det å lese at: "Ei sentral utfordring framover for det nyskapande og kompetansekreivjande næringslivet, og for Møre og Romsdal som samfunn er rekrutteringsutfordringa – konkurransen om dei beste hovuda."

I kap.2 Forventningar til staten: "Å bygge sterke kunnskapsinstitusjonar i nærleik og nært samspel med innovative næringsmiljø er samfunnsøkonomisk effektiv ressursbruk. Møre og Romsdal forventar å ta del i den veksten som universitets- og høgskolesektoren blir tildelt."

I kap. 4 Handlingsplan 2011 punkt 4.2.1.: "Møre og Romsdal fylkeskommune sine tilretteleggande verkemidlar omfattar støtte til tiltak som skal legge til rette for næringsutvikling og attraktive lokalsamfunn. Døme på støtteformål er forskning og utvikling, næringshagar og kunnskapsparke, hoppid.no, reiseliv, tilrettelegging langs nasjonale turistvegar, tilflytting og rekruttering, utvikling av tettstader, omstillingskommunar, utvikling av vassforsyninga, kaier og næringsareal."

Lokale og regionale aktørar:

Prosjektet er godt forankra politisk gjennom at formannskapet i Volda har vore styringsgruppe i forprosjektet. I tillegg har vi hatt ei prosjektgruppe med representantar frå; Møre og Romsdal fylke, Høgskulen i Volda, Studenttinget i Volda, Studentsamskipnaden i Volda, privat næringsliv, frivilligsentralen og Volda kommune. Det har vore 5 ulike arbeidsgrupper som har gjeve innspel på kva tiltak ein ønsker å få starte opp gjennom dette pilotprosjektet. Arbeidsgruppene har hatt medlemmer frå nabokommunar, privat næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, utelivsbransjen, ungdomsrådet, Volda vidaregåande skule, Høgskulen i Volda, Studenttinget i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre, Sunnmøre Kulturnæringshage AS, Møreforskning AS, Helse Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylke. I oppstartsmøte var ein representant for Møre og Romsdal fylke også til stades.

Distriktssenteret:

Vi har fått råd og vegleiing frå Distriktssenteret

Prosjektorganisering

Prosjektet vert organisert med ei styringsgruppe og tre referansegrupper. Dei tre referansegruppene vert relatert til kvar av dei tre omsøkte aktivitetane.

Styringsgruppa har ei blanding av folk frå det offentlege, private og frivillige. Den har representasjon frå nabokommunar og fylkeskommunen.

Styringsgruppa vil rapportere til Volda kommunestyre som formell eigar av prosjektet.

Prosjektet skal leiast av ein prosjektleiar. Denne stillinga vert å lyse ut. I utlysinga vil vi vektlegge kompetanse på prosjektleiing, evne til å få til samhandling, engasjement for oppdraget, vere resultatorientert og ha relevant utdanning på høgare nivå.

Sjå vedlegg nr 1.

Samarbeidspartnere

Møre og Romsdal fylke, nabokommunar, privat næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, frivilligsentralen, ungdomsråd, Høgskulen i Volda, Studenttinget i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre, Sunnmøre Kultur næringshage AS er alle viktige samarbeidspartnarar. Alle tilfører prosjektet viktig kompetanse.

Samarbeidspartnarane bidreg i stor grad med arbeidstimar inn i prosjektet, men enkelte av dei også med kroner.

I tillegg vil vi gjennom dei ulike tiltaka, som t.d ved innhenting av informasjon til bruk på nettportalen ha endå fleire kontaktpersonar som t.d. frå andre offentlege institusjonar som t.d Helse Møre og Romsdal m.fleire.

Aktiviteter

1. Digital integrasjon. Kommunikasjonskanalen Eiksundregionen.no (arbeidstitel) Eiksundregionen.no skal synleggjere næringslivet, offentleg sektor og frivillige organisasjonar i regionen vår, stimulere tilflytting og ønske om å etablere seg i regionen vår. Regionen manglar sams forum for formidling av og informasjon om kulturtilbod, den store mengda frivillige lag og organisasjonar, service- og handelstilbod og ikkje minst næringsliv, ledige stillingar, bustader til sals og til leige m.m. Gjennom svært opne og tilrettelagde heimesider, apps tilpassa behova til ulike grupper som studentar, innflyttarar og moglege innflyttarar, innvandrarar m.m. og aktiv innsamling av informasjon, skal «Eiksundregionen.no» vere første staden alle nyttar for å få informasjon om regionen, om kulturhendingar, om arbeidsliv og anna. Gjennom m.a. aktiv bruk av studentoppgåver skal denne portalen vere svært aktiv, den skal vere tospråkleg og så langt som mogleg også med apps tilpassa minoritetar og spesielle målgrupper som studentgrupper. Det skal vere ein portal for sosial kontakt både for breie og smale grupper og interesser. Ved å gjere informasjonen tilgjengeleg og interaktiv vil vi få auka bulyst både for fastbuande og dei som er her som midlertidige bebuarar (studentar o.l.), innvandrarar, innflyttarar i tillegg til dei som vurderer å flytte heim.

2. Sosial integrasjon. Regionen har ei stor mengde festivalar, kultur dagar, bytting dagar, kulturarrangement m.m. men som i liten grad rekk utover relativt smale interessegrupper. Ofte er slike arrangement på tidspunkt som ikkje passar alle, som skibyting dagar i Volda når studentane er heime på juleferie. Gjennom å gjere desse eksisterande kulturelle verdiane i regionen synleg gjennom ei sams nettbasert plattform, vil ein auke tilgangen og opne for nye grupper. Vidare vil ein legge til rette for nye arrangement. Til dømes kan «samfunnsdagane i Volda» verte eit spesielt tilrettelagt tiltak for nye studentar, der dei blir kjend med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, kommunane og regionen. Tilbodet kan og bør også vidareutviklast for innflyttarar og for innvandrarar. Tilsvarande kan spesielle arbeidslivsdagar på våren, der næringsliv og offentlege verksemdar presenterer seg og kvar det er mogeleg for studentar og andre aktuelle grupper å få arbeid, vere eit strategisk tiltak. Såleis ynskjer vi å fremje integrasjon av studentar, innflyttarar og innvandrarar i kultur og samfunnslivet i regionen.

3. Entreprenørskapsarbeid. Høgskulen i Volda er eit nasjonalt tyngdepunkt innan fleire kulturnæringer som til dømes dokumentarfilm og animasjon. Få av dei som blir utdanna innan kulturnæringer i Volda vel likevel å busette seg på Sunnmøre til trass for at mange av dei startar eiga verksemd. I samarbeid med Sunnmøre Kulturnæringshage vil StudiebygdA prosjektet legge til rette for at fleire skal kunne etablere sine verksemdar i vår bu- og arbeidsregion. Vi ynskjer å sjå om erfaringane frå Huddersfield i England, der ein gjennom målretta arbeid mot studentane har lukkast med å få mange etableringar av kulturnæringsverksemdar og tilflytting til regionen, kan overførast til vår region. Sunnmøre Kulturnæringshage vil gjennom faste opplegg i samarbeid med Høgskulen i Volda syne korleis ein kan etablere eiga verksemd, særleg i høve til den marknaden som opnar seg inn mot den maritime klynga i regionen. Konkret vil ein til dømes kjøre opplegg i regi av hoppid.no på Høgskulen ved semesterstart og før praksis, samt tilpasse ein variant av «Idea Mining» som syner seg svært velukka i Huddersfield som eit fast opplegg i kombinasjon med ei satsing på entreprenørskap og gründerfangst ved Høgskulen i Volda.

Målgrupper

* Studentar. For tida har Høgskulen i Volda i alt ca 3500 studentar. Medan søkinga er god både regionalt og nasjonalt til medie- og kulturfag, er rekrutteringa til velferdssamfunnet sine yrke som lærar, førskulelærar og sosialarbeidar problematisk. Det er ei viktig målsetjing å auke søkjarmengda til desse utdanningane. Effektmål: I 2015 skal Høgskulen i Volda ha to primærsøkjjarar pr studieplass (1,3 i 2011). Samstundes er det ei klar målsetting at talet på heiltidsstudentar i Volda skal auke.

Studentane vil verte involvert i arbeidsgruppene og er også representert i styringsgruppa.

* * Ungdom i regionen. Gjennom målretta tiltak å gjere dei som veks opp i regionen betre kjent med kva heile regionen tilbyr av utdanning, studentmiljø og arbeid, i så vel offentlig som i privat sektor. Målet er å auke talet regionale studentar ved høgskulane i fylket og å få ein større del som flyttar ut for utdanning, arbeidslivserfaring m.m. å kome tilbake til regionen. Resultatmål: innan utgangen av 2014 skal regionen ha balanse i innanlandsk inn- og utflytting.

Ungdomen frå regionen vil verte involvert i arbeidsgruppe, Digital integrasjon og Sosial integrasjon.

* * Innflyttarar med høg kompetanse. Regionen treng fleire med høg kompetanse til næringslivet, til

Høgskulen i Volda, til sjukehuset og til anna offentleg verksemd. Aktiv karriererettleiing og formidling med vekt på samanheng mellom bu-, arbeids- og sosiale forhold for heile familien er naudsynt for få fleire til å velje regionen vår. Resultatmål: Innan utgangen av 2014 skal talet med høgare UH-utdanning i regionen auke med 30 % samanlikna med 2010.

Innflyttarar med høg kompetanse vil verte involvert i arbeidsgruppe, Digital integrasjon og Sosial integrasjon.

* Innvandrarfamilier. Regionen er avhengig av innvandring for å kunne stette behova for arbeidskraft, men det er ein lei tendens til at innvandrarakk ikkje i tilstrekkeleg grad vert integrert. Dette gjeld spesielt språkmeistring, deltaking i frivillig arbeid og med å få seg arbeid. Sosial integrasjon og karrieretilrettelegging for spesielt kvalifiserte familiar er fokus her. Resultatmål: Stabilisering av talet innvandrarakk i regionen, spesielt familiar.

Innvandrarfamilier vil verte involvert i arbeidsgruppe, Digital integrasjon og Sosial integrasjon.

Vi har sett at aktivitetane vi arbeider med litt tilpassing vil fungere godt for alle desse målgruppene.

Resultat

Sjå vedlegg nr. 2

Effekter

Sjå vedlegg nr 3.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Sjå vedlegg nr 4.

Budsjettplan

2x50%stillingsressurs		650 000	650 000
75%stillingsressurs	243 750	487 500	731 250
Analyse/evaluering		300 000	300 000
Bistand til tilrettelegging og utgreiing	50 000	100 000	150 000
Designkostnad		250 000	250 000
Husleige	26 000	52 000	78 000
Ide og gründerfangst	200 000	300 000	500 000
Karrierehjelp	100 000	150 000	250 000
Kontordrift,møter,reiser	30 000	50 000	80 000
Kontordrift,reiser,møter	50 000	150 000	200 000
Lønnskostnadar prosjektleiar	325 000	650 000	975 000
Reiser, møter nettportalarbeidet	20 000		20 000
Samfunnsdagane	150 000	150 000	300 000
Sceneteknikk lyd,lys	400 000	400 000	800 000
Teknisk tilrettelegging,tilpassing av apps		200 000	200 000
			SUM 5 484 250

Finansieringsplan

Høgskulen i Volda	125 000	300 000	425 000
Kommunal og	797 375	1 944 750	2 742 125

regionaldepartementet			
Møre og Romsdal fylke	50 000	100 000	150 000
Nabokommunene	25 000	75 000	100 000
Næringslivet	175 000	400 000	575 000
Studentsamskipnaden for Sunnmøre	50 000	150 000	200 000
Studenttinget i Volda	25 000	50 000	75 000
Sunnmøre Kulturnæringshage AS	150 000	250 000	400 000
Volda kommune	197 375	619 750	817 125

SUM 5 484 250**Geografi**

1443-Eid, 1444-Hornindal, 1449-Stryn, 1511-Vanylven, 1514-Sande, 1515-Herøy, 1516-Ulstein, 1517-Hareid, 1519-Volda, 1520-Ørsta, 1525-Stranda

Vedlegg

Vedlegg 1. Prosjektorganisering.docx	30 160	05.03.2012
Vedlegg 2. Resultat -målgruppe- aktivitet (Digital integrasjon, sosial integrasjon og entreprenørskap).docx	20 436	05.03.2012
Vedlegg 3. Effektar.docx	13 825	05.03.2012
Vedlegg 4.Tidsplan 2012 og 2013.docx	15 724	05.03.2012
Vedlegg 5. Kostnads- og finansieringsplan 2012 og 2013.docx	21 187	05.03.2012
Vedlegg 6. Forprosjekt (aktivitet målgruppe og resultat)(Tidsplan) (Kostnads og finansieringsplan)(prosjektorganiseringa).docx	93 468	05.03.2012
Vedlegg 7. Støtteerklæring frå Studenttinget i Volda.docx	20 870	05.03.2012